

ÅRSMELDING 2006  
SPAREBANK 1 LOM OG SKJÅK



*Segner og overtru frå Ottadalen*



## Segner og overtru frå Ottadalen

“Folk trudde på mykky rart før i ti'n. Døm ha' ikkje så rart te opplysna, måta.” Dette skriv O. Løkke i “Lurtonø frå fjelle”. Han fortel om korleis segner og overtru vart førte vidare frå generasjon til generasjon gjennom stunder ved åren eller peisen. Heldigvis er mange segner og mykje overtru frå Ottadalen skrivne ned og tekne vare på takka vere Ivar Kleiven, Edvard Grimstad, O. Løkke og andre.

Det vi kjenner til av segner og overtru i dag fortel om ei svunnen tid. Ei tid vi i dag vanskeleg kan førestille oss korleis var.


Kvardagen var prega av forholdet til underjordiske og trolldomsmakter. Mangt måtte gjerast på spesielle måtar for at å unngå å gjera dei underjordiske vondt, eller for å unngå at trolldomsmakt vart brukt.

Svært lite av det ein kan lesa eller få fortalt om segner og overtru frå Ottadalen, er tidsfesta. Det er difor vanskeleg å seia når trua på dei underjordiske og trolldomsmaktene vart svakare.

# Segner

Å skilje ei segn frå eit eventyr er ikkje alltid lett. Somme gonger flyt dei heilt saman, slik som i "Trolla på Heidalsskogen", som Asbjørnsen og Moe gav ut i sine eventyr-samlingar. Denne historia er basert på ei segn frå Vågå. Det som gjer at ei segn skil seg frå eit eventyr, er at den er tid- eller stadfesta, og ofte omhandlar namngjevne personar. Segnene er ei viktig del av folketrua vår.

Det finst både lokale segner og vandre-segner. Det kan likevel vera vanskeleg å veta i kva grad ein del lokale segner kan ha vorte påverka av vandresegnene. Mykje av innhaldet kan ein kjenne att i segner frå andre stader i landet, eller til og med andre stader i Europa.



# Mytiske segner

Mytiske segner fortel om overnaturlige vesen, slik som hulder og underjordiske. Oftast omhandlar dei folk som har opplevd overnaturlige vesen. Sjølv om mytiske segner først og fremst handlar om underjordiske, finn vi også historier om andre skapningar, slik som varulvar, havfruer og fjøsnissar.

## Anders Ulv

Det er ikkje berre i utanlandske spennings-filmar vi høyrer om varulvar. I Skjåk og Vågå har det vorte fortalt om Anders Ulv. I "Lurtonø frå fjelle" av O. Løkre og "I gamle daagaa" av Ivar Kleiven kan vi lesa to versjonar som er så like at dei truleg har opphav i den same historia.

Anders Ulv skulle ha fått kasta på seg ulveham frå ei trollkjerring eller frå mor si. Nokre gonger var han menneske, og nokre gonger ulv. Ein gong ville han finne ut kor langt han kunne springe i eitt som ulv. Han sprang fem eller sju gonger mellom Vollungsbrua i Skjåk og Sundbrua i Vågå på ei natt. Ei av historiene seier at nokon fann ut at han hadde ulvehamen sin under smiustabben på Nørstnes, og at dei brente den opp. Dermed gjorde dei også ende på Anders Ulv. Den andre historia fortel at sju karar fekk teke frå han ulvehamen ein gong medan han bada seg, og etter det var han berre menneske, men fortalde ofte om opplevingane sine som ulv.<sup>16</sup>



### **Havfruer**

Det har også vorte sett havfruer i Ottadalen. I nokre av dei vakraste fjellvatna kunne det bu havfruer, men det var sjeldan nokon kunne sjå dei. Viste det seg ei havfrue, var det sitjande på ein stein i vatnet medan ho kjemde det lange, ljose håret sitt sam-tidig som ho song vent. Havfruene var svært vakre og velskapte, men frå livet og ned hadde dei fiskeskapnad. Ein mann frå Ner-Skaar i Vågå kom ein gong til å sjå ei havfrue ved Flatningen. Ho sat og song medan ho kjemde håret sitt. Mannen tykte han aldri hadde høyrte så vakker song nokon gong og vart ståande som fjetra og høyre på. Men så greip han børsa si og skaut eit skot mot ho. Havfrua vart sint. I det ho hoppa i vatnet, sa ho at ingen mann på Skaar skulle få det godt før niande eller tiande ledd. Og som spådomen gjekk det. Det skulle gå mange generasjonar før nokon mann vart lykkeleg på garden.<sup>7</sup>

### **Skardågubben og Darthuskallen**

På båe dei to setrene Darthus og Skardåe budde det fjøsnissar; Skardågubben og Darthuskallen. Dei to var berre til nytte og glede for folka på setrene, som setra både sommar og vinter. Dei stelte godt med dyra så dei treivst på setra, og dei mata hestane med godt fôr. Sjølv om fjøsnissane stelte godt for folk og dyr på setra, drog dei til andre setrer og stader og stal fôr til dyra. Til slutt tok dei til å stela frå kvarandre, og det ende ikkje bra.

Ein haust etter at alle var komne ned frå setrene, kom ein kar til Skardåsetra seint ein kveld og ville sova over i løa. Etter at det hadde vorte mørkt, kom det inn ein liten, gråkledd mann med raud huve som med ein gong byrja å leite seg fram til det beste høyet. Like etter kom det inn enda ein liten, gråkledd med raud huve. I det dei fekk sjå kvarandre, rauk dei saman og slost som ville kattar. Høyet stod som eit drev rundt dei medan dei klor, slo og sparka. Dei var jamne slåsskjemper, men til sist fekk den eine overtaket og fekk den andre under seg. I det same laga mannen som låg i høyet ein lyd, og begge vart borte på ein blunk.

Etter dette vart Skardågubben borte frå setra. Han reiste sikkert til ein annan stad etter basketaket i høyet. Darthuskallen vart einsleg i området, og på Darthus vart det etter dette så godt stell som dei aldri før hadde sett. I Skardå'n gjekk det heilt omvendt, Darthuskallen gjorde pek slik at både kyrne og hestane illtreivst. Så ille til leven og vesen var det i fjøset at budeiene måtte stå opp kvar einaste natt for å sjå om alt stod vel til med dyra.<sup>8</sup>

### **Underjordiske**

Dei underjordiske vart også omtala som haugfolk eller huldrefolk. Dei budde under jorda like ved eller på gardane eller setrene til vanlege folk. Dei underjordiske er oftast skildra som små av vekst og sjeldan vakre å sjå på. Unntaket er huldra, som blir skildra som stor og vakker.

Sjølv om ein i riktig gamle dagar levde i pakt med dei underjordiske, var det nok dei færreste som fekk møte slike vesen. Dersom ein møtte underjordiske, måtte ein aldri fortelja dette til nokon før etter ein hadde sove ei økt. Å koma ut for dei underjordiske kunne vera farleg, men det kunne også vere til gagn og nytte.

### **Tre møte**

Ein som skulle nyte godt av å møte ein underjordisk mann, var brukaren på Vangje i Skjåk. Heile tre gonger fekk han møte mannen.

Første gongen var ein vinter han låg i Finndalen nokre veker med tre hestar. Ein kveld kom ein framand mann inn i seterhuset og bad om å få låne den hesten som stod nærmast stalldøra. Vangjen ville ikkje låne bort hesten sin til ein framandkar og sa nei. Men den framande gav seg ikkje. Han lova at han skulle fara pent med hesten, og fortalde at kjærasten hans låg i barnseng og at han måtte koma seg av stad til henne. Vangjen gjekk til slutt med på å låne han hesten, men han sov mest ikkje den natta. Morgonen etter var den framande på plass med hesten. Han takka for lånet og spurde kva han skulle betale. Vangjen meinte han ikkje ville ha betaling så lenge hesten var uskadd. Den framande takka han og lova at dersom han nokon gong skulle ha bruk for ei teneste, skulle han få hjelp.

Fleire år seinare var Vangjen på tur over Lorfjellet heim frå Romsdalsmartnan. På Lesja ville resten av følgjet hans ta seg tid til ein fest. Vangjen stunda heim og tok i førevegen til Lordalssetra. Dei andre ville koma etter utpå kvelden. Men da følgjet ikkje hadde dukka opp morgonen etter, tok Vangjen på heimvegen åleine. Utpå dagen kom ei tjukk skodde sigande, og han gjekk seg vill. Kvelden kom, og han batt hesten til eit tre. Han ville setja seg ned for natta i håp om at skodda letta til morgonen etter. Men det vart kaldt utover natta, og han byrja å bli redd for å fryse i hel. Da hørde han brått ei stemme som forkynte "god kveld, bror." Stemma bad han om å kløvje på hesten, så skulle han syne vegen fram til Lorsetra, der resten av følgjet nå var framme. Den framande leidde med seg hesten, og Vangjen heldt i hest-rumpa heilt til dei etter ei lita stund såg ljuset frå Lordalssetra. Vel framme ved setra sa den framande god natt og vart borte.







Det gjekk enda nokre år, og Vangjen skulle til Finndalen ein tur ved juletider. På veg heim vart han overrumpla av ein snøstorm så kraftig at hesten måtte gje opp å gå lenger. Dei fann seg ly ved ein stor stein, og Vangjen ville grava seg inn i ei fonn til uvêret gav seg. Best det var, stod det ein ukjend mann ved sida av han. "Nå er du ille ute att, bror" sa han og bad Vangjen å setja seg på sleden. Den framande ville få både hesten og Vangjen trygt heim. Det gjekk i ein slik fart at Vangjen hadde nok med å halde seg fast. På ein blunk var dei i Bøye-lia, der vêret stilna. "Kjenner du deg att nå" spurde den framande, "nå kan hende du tykkjer hest-lånet er gjort opp for, gode bror". Da skjøna Vangjen at dette var same mannen som hadde lånt hesten hans i Finndalen og hadde vist han vegen i Lorfjellet. Før han rakk å takke, sa den framande farvel og vart borte like fort som han hadde kome. Etter den gongen såg ikkje Vangjen meir til den underjordiske.<sup>9</sup>

### **Den einaste kua til Eirik Sletten**

Dei underjordiske ønskte ofte å gjera opp for seg. Dette opplevde Eirik Sletten frå Lom, men diverre fekk han ikkje store nytten av det.

Eirik Sletten hadde berre ei einaste ku, og om sommaren var kua på Myttingen. Ein dag vart kua heilt borte. Både han og fleire andre leitte, men dei såg verken kua eller spor etter ho. Dei skjøna at ho måtte vera teken inn av dei underjordiske.

Gamle-Galden gav han det rådet at han skulle gje kua bort i Guds namn, så ville han sikkert finne ho att. Eirik gjorde som han vart råda til. "Er de nokon som har kua mi, så let eg han ha ho i Guds namn" ropa han utover seterstulen. Åtte dagar seinare vart kua funne att på Soløysletta ved ein stor, trekanta stein. Ho var mager som ei grind og hadde vorte både strøygd og rar. I tillegg var ho tom for mjølk, så dei var ikkje i tvil om at ho hadde vore bergteken. Kua kom seg etter det som hadde skjedd, og i Sletten tenkte dei ikkje så mykje meir over det.

Ein morgon vinteren etter da dei kom inn i fjøset, var det tydeleg at det hadde gått eit laust dyr der. Kua stod bunden på båsen sin. Vinteren etter fekk kua ein rumpekaus oksekaly; ho bar på dagen 40 veker etter den natta det hadde vore trakk i fjøset. Eirik slakta oksekalven, men det skulle han nok ikkje ha gjort. Kalven var betaling for lån av kua, og hadde sikkert teke lykka med seg.<sup>10</sup>

### **Klomsro-Jens**

Ein annan som til slutt fekk påskjøning av dei underjordiske, var Klomsro-Jens. Han budde i Klomsro'n og var ein dyktig jeger og skyttar. Ein gong han var på jakt i Finndalen, tok han inn på Sterringssetrene. Klomsro-Jens var god til å spela munnharpe. Da han la seg om kvelden, sette han i å spela. Best det var, vart heile seterhuset fullt av underjordiske haugfolk og huldrer som dansa etter leikene hans. Etter mange leiker vart han lei og ville leggje frå seg

munnharpa. Da vart haugfolket sinte. Dei tok til å lugge legghåra hans. "Låt nå, Jens hårlegg – du som skyt så det smell i berg og gnell i fjell" sa dei. Da han likevel ikkje ville spela meir, kom sjølvaste haugkongen inn og sa at sia Jens ikkje ville spela meir, skulle han frå nå av miste jaktlykka si.

Da han dagen etter reiste ut for å jakte, var han på skothald på storbukkar fleire gonger, men trefte ingen av dyra han skaut på. Det var som om han berre skaut i lause lufta. Da han kom attende til Sterringen om kvelden, la han seg på nytt og tok til å låte med munnharpa si. Det gjekk ikkje lenge før seterhuset på nytt var fullt av haugfolk og hulder. Men denne kvelden heldt han fram å spela så lenge alle på golvet orka å danse. Haugkongen kom inn att denne kvelden òg. Men nå sa han at Klomsro-Jens skulle få att jaktlykka si, og at ho til og med skulle bli betre enn før. Slik ein skyttar som Klomsro-Jens vart etter denne hendinga, har det aldri vore i Finndalsfjella, verken før eller seinare. <sup>11</sup>

### **Hulderbås**

På setra var dei underjordiske nærmast ein naturleg del av dagleglivet. Det siste budeia gjorde før ho reiste heim om hausten, var å ønskje dei underjordiske velkomne inn i seterhuset. Når ho kom attende til setra om våren, banka ho på døra før ho gjekk inn, slik at dei skulle få tid til å bli borte.

På nokre setrer var det hulderbås i fjøset. Denne båsen var berre til dyra åt dei underjordiske. Menneska måtte aldri sette sine eigne kyr her, men det var lurt å stelle godt med båsen likevel.

Mari, som var budeie på ei seter i Lom, hadde vore på den same setra i 20 år. Det gjekk gjetord om kor pene og flinke dyr ho hadde. Mari byrja å dra på åra, difor vart dotter på garden, Marit, med for å hjelpe. Marit stussa over at Mari hadde ein bås ho aldri batt noko ku på, ho kasta heller aldri ut møkk gjennom gluggen ved denne båsen. Dei andre budeiene på setra meinte at Mari hadde ei underjordisk ku på båsen, og at det var difor dyra vart så pene og flinke. Marit berre skratta til dette. Da ho nokre år seinare vart einsleg på setra, bestemte ho seg for å bruke den tome



båsen. Første kvelden batt ho ei kvige på båsen, men da ho kom til fjøset om morgonen, hadde kviga sliti seg og låg midt på golvet. Det same skjedde neste dag. Nå hadde kviga til og med sliti festet ho var tjora til, ut av veggen. Tredje kvelden gjorde Marit seg flid og festa bandet til båsan ved sida av for at kviga skulle stå på plass. Tidleg morgonen etter vakna ho av leven frå fjøset. Alle kyrne hadde sliti seg og kome seg ut av fjøset, så nær som kviga – ho låg att og var nesten strøyp av bandet. Marit fekk ikkje inn att kyrne denne morgonen, og måtte mjølke dei ute. Om kvelden kom dei ikkje attende til setra, og ho måtte hente dei heim. Da ho gjekk av stad, hørde ho det skratta inne frå båsen. Det vart eit strev å få kyrne heim etter dette. <sup>12</sup>

### **Medkjensle frå dei underjordiske**

Dei underjordiske hadde nok medkjensle med grannane sine oppå jorda. Ei budeie på Brimisetra, Embjørg, fekk verkefingar ein sommar ho var på setra. Det var ikkje enkelt for ho å mjølke alle dyra med den vonde fingeren. Ein morgon ho sat og gret

og mjølka om kvarandre, kom det inn ei huldre-jente. Ho bar med seg ei mjølkebytte og ei lita skål. Huldrejenta sa at ho og mor hennar tykte så synd på Embjørg. Ho ville gjerne hjelpe til med mjølkinga, men ho kunne ikkje få anna enn blod ut av jura. Jenta fortalde at i skåla si hadde ho ei salve Embjørg skulle smørja på fingeren. Den skulle ho få fordi ho var så god ein granne for dei underjordiske. Embjørg smurde salva på fingeren og reiva han godt inn. Morgonen etter var fingeren heilt god att. <sup>14</sup>

### **Inntekne**

Det finst mange segner om folk som vart tekne inn til dei underjordiske. Dersom dette vart oppdaga i tide, kunne dei greie å få den inntekne attende viss dei sette i gang å ringje med kyrkjeklokkene – og ringde heilt til den inntekne kom attende.

### **Budeia frå Kleppe**

Ei av budeiene på Kleppe hadde som vanleg var på den tida ein friar hjå seg kvar laurdagskveld. Det var ingen som visste kven denne karen var. Ungkarane frå grennda prøvde å følgje etter han fleire gonger, men lykkast aldri i å finne ut kvar han tok vegen. Så vart budeia brått borte ei natt, og folk skjøna fort at ho var innteken.

Ein dag året etter kom det ein framand kar inn i garden på Kleppe. Han ville ha med seg kona på garden. Kona til den framande låg i barnseng og var svært sjuk, difor trong han nokon til å hjelpe henne. Kleppe-kona ville helst ikkje vera med mannen, men han masa og spurde heilt til ho svara ja. Han hadde med seg ein hest som stod klar ute på tunet. Med det same kona hadde sett seg på hesten, kasta mannen over henne eit tørkle slik at ho ikkje skulle sjå noko. På ein blunk var dei komne inn i ein stor sal, der alt var så blankt og fint både høgt og lågt. Kleppe-kona skjøna fort at ho var komen til dei underjordiske. Før mannen synta Kleppe-kona inn til den fødande kona si, sa han at dei to kvinnene nok kjende kvarandre frå før. Og sanneleg var det budeia som hadde vorte borte frå Kleppe året før.

Barnet kom til verda raskt og greitt. Budeia fortalde at ho hadde det så godt som ho

kunne ha det hjå dei underjordiske, og at mannen hennar var både god og snill. Som takk fekk Kleppe-kona ei stor sølvkanna full av sølvpenngar før ho vart send heim på hesten. Morgonen etter da folka på Kleppe kom i fjøset, stod det ei framand, vakker ku der. Denne kua stod med grønt høy i båsen kvar einaste morgon så lenge ho levde. <sup>15</sup>

### **Ufred i jula**

For mange kunne dei underjordiske vera til stor plage og gjera mykje vondt. Ivar Kleiven og Edvard Grimstad fortel i bøkene sine om ein gard i Skjåk der dei for lenge sia var mykje plaga av dei underjordiske eller troll. Garden var truleg Brandsar.

To smågutar frå Brandsar vart tekne inn av troll i Rauhaug. Dei to gutane var med systersi på setra ein sommar. Den gongen hadde Brandsar seter ein stad som vart kalla Randsverk i fjellet innafor Sota. Det er ikkje setrer på denne staden lenger, etter hendinga med dei to gutane var det ingen som ville vera der.

Dei to gutane fekk heimlengsel og ville gjerne gå heim, men systers deira meinte dei skulle vente til det kom nokon frå garden og følgje dei. Ein dag dei to var ute og gjette geitene, tok dei likevel fatt på heimvegen. Da dei ikkje kom attende til setra og heller ikkje hadde kome heim til Brandsar, skjøna folk at dei var inntekne av trolla i Rauhaug. Difor sette dei i gang med å ringje i kyrkjeklokkene. Kyrkja låg den gong på Hove, og det tok tre dagar før klangen nådde trolla. Da kunne ikkje trolla halde på gutane lenger, og dei kom nesten heilt til Brandsar før klokkesnora rauk og dei ikkje fekk ringt meir. Såleis vart gutane heilt borte.

Julekvelden vinteren etter fekk dei høyre eit skrekkeleg bråk på Brandsar. Best det var, fekk dei sjå eit stort troll koma leiande på dei to gutane. Gutane fortalde at dei budde saman med trolla nå, men at dei hugsa kor mykje god mat det var på Brandsar julekvelden. Difor ville dei koma heim og eta. Folket på Brandsar ville ikkje halde jul saman med troll og reiste til grannegarden medan trolla og dei to gutane åt og kosa seg heile natta. Dette skjedde år etter år. Kvar julekveld kom trolla, og dei heldt slik leven og spetakkel at det var ei gru.





Dei tok mat frå stabburet, plaga dyra og fann på alt gale ein kunne tenkje seg. Folk på garden torde ikkje koma attende før trettandedagen. Før dei rømde, sette dei fram alt dei hadde av julemat på bordet. Dei var redde at dersom dei ikkje gjorde dette, ville dei underjordiske ta over husa på garden for godt.

Ein julekveld folka på garden var i ferd med å pakke seg ut av huset, kom ein fattigmann til gards og spurde etter tak over hovudet for natta. Folk fortalde korleis det var fatt på garden. "Å, er det ikkje noko verre" svara den framande og ville vera att i huset. Han skulle jaga bort dei ubedne gjestene om han berre fekk ei snor og eit halvt kuskinn. Folk bar seg ende over, men til slutt gav dei han lov til å vera att. Så fort mannen vart åleine, laga han ein stor finnlabb av skinnet. Snora brukte han til reim, og enden på reima festa han bak omnen. Deretter fann han seg ein stor stav som han kløyvde i fire til midt på. Så la han seg bak omnen.

Med eitt høyrde han eit skrekkeleg leven ute og skjønna at julebesøket var på veg. Den første som kom inn i stova, var ein mann med ein nase så stor og kroket at den likna eit bukkehorn. Etter han kom det så mykje folk at stova var full på ein blunk. Mannen med kroknasen fekk sjå finnlabben på golvet. "Bondemannen har stor fot, men eg har større" sa han og sette foten i labben. I det same rykte mannen bak omnen i

snora slik at han med kroknasen vart liggjande på golvet og kave. Så fann han staven sin og sette i å slå så flisene fauk. Sia staven var kløyvd i fire, slo han fire slag i gongen. Dei andre i følgjet vart så redde at dei sprang på dør. Så fort han kom seg laus, sprang han med kroknasen ut òg. Etter den dagen merka dei ikkje meir ufred i jula på garden. <sup>17</sup>

### **Halmstubbar og kumøkk**

Det hende også at dei underjordiske ville hente seg brur av menneskeslekt. På seterstulen Bringen hadde Nørdre Stade setra si. Ein haust budeiene skulle heim frå setrene, ville budeia på Stade vera att for å gjera ferdig ein vev ho hadde halde på med heile sommaren. Ho var både flittig og dyktig og meinte ho måtte ha to-tre dagar på å gjere seg ferdig. Sia ho vart att åleine på setra, ville ho ha att ein buhund for å halde seg med selskap.

Medan jenta satt ved veven, kom det inn ei framand kvinne. Ho var snakkesalig, og jenta skjønna fort at dette var ei underjordisk kvinne. Difor svara ho ikkje eit einaste ord på all praten. Den underjordiske spurde om budeia ikkje ville gifte seg, ho som var så flink til alt og som var så vakker. Ho kunne få ein kar som var både staut, klok og rik. Kvinna visste om ein kar som ville passe bra til jenta. Dersom ho gifta seg med han, ville ho aldri mangle verken "etande eller slitande".



Budeia var redd den underjordiske skulle koma attende. Difor sende ho av stad hunden for å varsle at noko var gale. Det gjekk ikkje lenge før kvinna kom attende, denne gongen med eit stort følgje av stivpynta folk. Ho synte fram guten ho hadde tenkt til henne, men han var både halvgammal, mager og hadde eit stort nasegrev. Så byrja dei å finne fram brurestas frå ei sendingskorg, både krone, belte og sølje. Jenta torde verken å røre seg eller seie noko. Ho vart pynta og stasa. Til slutt stod det berre att å setja ringen på fingeren hennar. I det same dei fann fram ringen, small eit børseskot over taket på seterhuset. Alle sokk i bakken og var borte på ein blunk. Stas, sølv og alle hestane dei hadde ståande utanfor seterstugu, rakk dei ikkje å få med seg. Det var ein av sønene på garden som hadde skote. Hunden hadde kome attende til garden, og guten skjøna at noko var gale. Han skulle gifte seg med budeia. Nå skjøna han at ho var i fare. Da budeia og guten ville sjå til alle hestane og all stasen, var alt vorte til flisar, halmstubbar og kumøkk.<sup>19</sup>

### ***Fleire sølvtallerkar enn dei har tretallerkar på Vaagaasar***

Dotter på Hoft var budeie på Raubergstulen. Ho var forlova med gardguten på Vaagaasar. Han var sersjant og skyttar, og han skulle vera ein uredd og staseleg kar. Ein dag på hausten vart han uro-

leg og kjende på seg at noko var gale på Raubergstulen. Han fann børsa og drog av stad til setra. Da han kom fram, fekk han sjå fullt av folk og hestar kring setra. Ved seterhuset fekk han sjå jenta si i full brurestas, med krone på hovudet. Vaagaasar-guten treiv børsa og skaut eit skot over brurefølgjet. Berre jenta vart ståande att. Alt anna kvarv.

Ikkje lenge etter kom den underjordiske brudgommen til Vaagaasar og bad om å få att brurestasen til jenta. Dei ville ikkje gå med på å levere frå seg kledda. Men den underjordiske ville gjera ein handel, fann fram ein pose med pengar og fortalde at det var meir der det kom frå. Han hadde fleire sølvtallerkar enn dei hadde tretallerkar på Vaagaasar.

Det finst ei liknande historie. Kanskje var det den same underjordiske guten som var på ferde. Medan Torø Åkerjordet var tenestjente på Vaagaasar, var det ein huldergut som så gjerne ville ha tak i ho. Tre torsdagskveldar på rad kom denne blåkledde og ljose karen og ville opp i senga hennar. Torø tykte han såg både vakker og lugum ut, men ei anna tenestjente som sov i det same rommet, tykte han såg stygg ut, med lange tenner og tome kjakar. Den siste kvelden han kom, ville han ha med seg Torø heim til seg, i ein haug nord for garden. Der hadde han like mange sølvfat som dei hadde trefat på Vaagaasar.

Ho kasta trøya si etter karen. Da vart han borte, og dei såg ikkje meir til han. Torø vart ikkje lik seg etter dette og gjekk og gret heile tida. Først etter at ho fekk det rådet av presten at ho alltid skulle ha på seg eit tørkle ho hadde brukt i kyrkja og bera med seg ein lapp med Fadervår, vart ho etter nokre år heilt frisk. <sup>18</sup>

### **Forvandling**

Mange underjordiske hadde evna til å forvandle seg til å likne vanlege menneske eller bli vakre. Til vanleg var nok ikkje dei underjordiske så mykje å sjå til.

Mannen på ein av Kleppe-gardane slapp ikkje berre heldig frå eit møte med huldra. For lenge sia hadde gardane i Sjørdalen kvern ved ein bekk som renn mellom Flatningen og Melingen. Kleppe-mannen hadde ein gong reist einsleg til kverna. Han vart trøytt og la seg på ein benk i kvernhuset da han fekk høyre kona rope på han. Ho hadde sprunge den lange vegen over fjellet og var sveitt og raud. "Jau, du gjorde rett någå, du – reiste med stabbursnykjyle så eg ikkje fæ' t'i korkje kjøt hell flek, korkje mjøl hell brød" sa ho til mannen. Han skjønna ingenting og trudde ho var heilt på styr. Men da han kjende på lomma i vesten sin, kjende han til si eiga undring den store nøkkelen.

Sia det var seint på kveld, måtte kona vera over til dagen etter før ho tok fatt på vegen heim. Mannen tenkte ikkje meir over hendinga før nesten eit år seinare, da han ein dag arbeidde ute på jordet. Da kom det til syne ei kvinne som ropa at han måtte sjå til å ordne klede til barnet sitt. Mannen skjønna med ein gong korleis det hadde seg med stabburnøkkelen om hausten, at det ikkje var kona hans som hadde kome, men ei underjordisk. "Gut eller jente" ropa han til den underjordiske og fekk til svar at det var ei jente. Mannen såg ikkje anna råd enn å kjøpe ti alen kjolestoff og la det frå seg der han hadde sett den underjordiske. Tre dagar seinare kom ho på nytt fram og ropte at kjolen vart både vid og sid, men at det ikkje vart nok stoff til ermer. Kleppe-mannen måtte av stad og kjøpe meir stoff, så dottera fekk ermer på kjolen sin. <sup>21</sup>

### **Skrømt og folk som gjekk att**

Dei som gjekk att, var oftast folk som hadde gjort noko vondt. Dei gjekk ofte att på den staden der dei hadde gjort denne handlinga. Dei fekk ikkje ro i grava si før dei som var att etter dei, fekk gjort dette godt att. Dei som gjekk att, hadde ikkje makt til å gjera nokon vondt. Folk kunne bli skremde, men noko verre kunne attgangarane ikkje gjera.

### **Grannen**

Kristen Bjørnstad frå Lalm hadde ein granne som låg for døden. Ein kveld Kristen var på veg til stallen, fekk han sjå eit underleg ljøs over Lalms-gardane. Han tenkte at nå hadde nok gamel-Bolsta'n gjort frå seg tida si. Tidleg morgonen etter skulle Kristen reise til Heidal. Da han kom til Bolstad, stoppa hesten hans, og framfor dei stod den avdøde grannen. Dei som gjekk att, kunne stoppe hestar på visse stader. Kristen bad grannen sin om at han i Jesu namn skulle gå i fred. Men uansett kor mange gonger han sa det, vart hesten ståande like roleg. "Reis åt helviti da", sa Kristen, og med det same vart gamel-Bolsta'n borte, og hesten tok i veg så fort han greidde. <sup>22</sup>

### **Beinrestar under golvet**

På ein gard i Vågå stod det ei bakststugu der det aldri var roleg om nettene. Det var lydar og smell frå stugu'n kvar einaste natt. Slik var det i ein eller to mannsaldrar, heilt til stova skulle få nytt golv. Da vart det funne beinrestar under golvet. Nokre gamle karar som hadde tent på garden, hugsa at for lenge sia hadde det kome ein framand handelskar til garden for å liggje over i bakststugu'n ei natt. Dei hugsa at mannen på garden hadde gjeve beskjed om at ingen trong å stå opp tidleg for å fôre hestane om morgonen. Det ville han sjølv gjera sia han likevel måtte opp og følgje den framande av stad. Det hadde vore lydar frå baksthuset om natta, men det hadde dei ikkje tenkt meir over. Nå skjønna dei kvar det hadde vorte av både handelskaren og pengane hans. <sup>23</sup>

# Historiske segner

Historiske segner omhandlar ei historisk hending eller ein historisk person. Ofte kan desse handle om ei hending eller ein person som har hatt ei viktig rolle i lokalmiljøet. Av dei mest kjende som skal ha vore i Ottadalen, er Harald Hårfagre og Heilage-Olav, eller Olav Digre som han vart kalla før han døydde.

## Harald Hårfagre

Harald Hårfagre kom frå Vestlandet for å leggje Gudbrandsdalen under seg. Men slik skulle det ikkje gå. Dølane fekk høyre at han var på veg og samla saman ein hær som gjekk mot han på Bottfly'n, på ein stad som seinare har vorte kalla Haraldvangsflye, eller Haraldattvendflye. Det stod eit stort slag, og motstanden frå dølane vart så stor for kongen at han måtte vende. Av det kom namnet Haraldattvendflye. Historia fortel at da kongen snudde etter å ha mist mange menn, ville han ha med seg folka sine ned til Stryn for å nå sjøen. Det var haust, og i Stryn hadde dei skore åkrane sine. Da Harald Hårfagre såg utover bygda i skumringa om kvelden, såg han alle radene med korn som stod tett i tett på jorda og trudde det var ein hær som på veg for å ta dei.

Difor gjorde han vendereis og gjekk til Geiranger med hæren sin. Ivar Kleiven skriv i "Lom og Skjaak" at det har vorte funne både piler, sverd, hjelmar og ringbrynjer på Haraldvangsflye, men at alt er borte forlengst.<sup>124</sup>

## Ska'e å brenne

Heilage-Olav var i Ottadalen ved fleire høve. I 1021 kom han frå Lesja ned til Stavåsen. Tanken var å kristne bygdene her, men å brenne dei dersom folk ikkje tok imot kristendomen. På Stavåsen vart han ståande å sjå utover bygda, og tykte det var så vakkert der. Det var her han skal ha sagt dei berømte orda, "Det er skade at ei så fager bygd skal brennast". Han og mennene hans gjekk over Skim og kom til Synstnes. Fylgjet budde på Nes i fem dagar. Stugu han sov i, stod på garden heilt til kring 1830, og vart da flytta til ein annan gard og bygd om. Det er denne stugu – Olavsstugu – som i dag står i bygdemuseet i Presthaugen. Kongen slapp å brenne bygdene; lom- og skjåværanane let seg kristne utan kamp. Det var under den same reisa at Torgeir Gamle i Garmo let bygge ei kyrkje på garden sin i Garmo i byte mot at gardane i Garmo fekk fiskeretten til Tesse.<sup>124</sup>



Illustrasjon: Torgeir Gamle og Heilage-Olav



### **Tingsvaberje**

Heilage Olav sende bod før seg frå Lom at vag-væranane og heidølane skulle møte han og halde ting med han. Plassen dette skjedde på, vart seinare kalla Tingsvaberget. Her er det flatt og fint, men den søre delen er bratt som ein husvegg. Da kongen kom, var hans menn tre gonger så mange som vagværanane. Kongen truga difor med at om dei ikkje tok den kristne trua, kom dei til å bli dytta over kanten på søre delen. Nokre prøvde å yppe seg, men forsvann fort over kanten. Dei andre fann det difor lurast å gjera som kongen sa. Dei tok trua alle saman og lova å byggje kyrkje. <sup>25</sup>

### **Merke i stein**

Heilag Olav hadde slik makt at det vart visande merke etter han mange av dei stadene han hadde vore. Drakk han av ei kjelde, vart det helsebot i vatnet. Sette han ned foten, eller sette seg på ein stein, vart det merke i steinen. Dette er ikkje eit fenomen berre i Ottadalen, men i heile landet. Folk hadde tydelegvis stor tru på dei sterke og lækjande kreftene til kongen.

Det finst mange plassar i dalen som har namn etter Heilag-Olav. På ein stein ved Synstnes skal han ha rissa inn ein kross. I Kleiven ved Galde skal det vera merke etter baken hans på ein stein der han har seti. Ved Bøvertjønnene er det ei oppkome som blir kalla Olavskjelda. På si ferd i området skal kongen ha vorte tørst og let det koma opp ei åre i bakken der han stod.

Ved Flækøy seier historia at det var ein stein med eit hol så stort at ein mann kunne ta handa si gjennom det. Her ville Heilag-Olav binde hesten sin medan han gjekk opp på garden, difor tok han neven gjennom steinen og laga hol for å kunne binde hesten der. Ovafor Nigard Lund har det vore ein stein der det er merke etter at Heilag-Olav har gått oppover steinen, etter der han har seti og etter skreppa og kniven hans. Båe desse steinane er øydela. <sup>26</sup>

### **Lomskyrkja**

Ei segn fortel om den fyrste bygginga av Lomskyrkja. Den eldste delen er truleg frå 1190. Ivar Kleiven skriv at lenge før svartedauden, medan dei bygde Lomskyrkja, var det seks svært sterke kjemper i bygda. Steina Hunn, Kjøl Kjæstad, Roald Rostad, Skafta Skaansar, Hadding Frøyse og Sjer'ing Mork. Desse seks skaffa det tømmeret som vart brukt til å byggje kyrkja. Mesteparten skulle dei ha bore med seg på akslene frå skogen på andre sida av Ottaelva. Skafta Skaansar skaffa den største stokken til kyrkjebygginga. Da han kom med denne stokken, fortalde han at han hadde vorte hefta på heimturen. Ved Bjørgen hadde han møtt ein bjørn, og denne måtte han "trakke ryggen av". Han la ein gong ikkje frå seg stokken medan han gjorde av med bjørnen. <sup>27</sup>



# Opphavsegner

Opphavsegner handlar om korleis ulike stadar eller ting har fått namn. Vi har mange kjende opphavssegner i Ottadalen, mellom anna historia om Ridderspranget. Juvet fekk namnet etter at riddaren Sigvat Kvie frå Valdres hoppa over det med den vakre jenta "Skårvangssola" i armane sine. Han ville sleppe unna rivalen og uvenen Ivar Gjesling frå Sandbu.

## Dei første i dalen

Det finst også segner som fortel korleis bygdene i dalen vart busette, og om korleis dei første gardane i bygdene fekk namn. I segnene går det fram påstandar om at både Skjåk og Vågå vart busette av folk frå Lesja – teoriar vi i dag veit er meir enn flyktige...

Ein blind mann på Lesja hadde to eller tre søner. Desse kom ein gong ned i dalen i Skjåk medan dei var på fisking. Dei fortalte far sin om denne vakre dalen da dei kom heim. Da dei neste sommar ville reise attende hit for å fiske, sende faren med dei kvar sin pose til å ta jordprøver i. Faren kjende, lukta og smakte på jorda, og særskilt ei prøve likte han godt. Han sa til dei at der denne jordprøva var frå, kunne dei "byggje og bøye". Segna fortel at staden jorda kom frå, var garden som den dag i dag heiter Bøye. Sommaren etter tok brørne med seg fleire frå Lesja og drog til Skjåk for å rydde seg gardar. <sup>28</sup>

Det var fisking som førde lesjingar til Vågå også. Vågåvatnet skal ha vore mykje større enn nå, og eit godt fiskevatn. Difor var det somme som reiste over fjellet for å rydde seg jord i Vågå og sjå om ho kunne vere lett å dyrke. Da dei kom heim til Lesja, fekk dei spørsmål om dei hadde fått rydda seg jord. "Jau, oss hogde opp ei bleso" svara dei. På spørsmålet om dei sådde, svara dei "ja, oss våga på mæ' di au." Ein gammal mann fekk ei jordprøve dei hadde teke med seg frå der dei hadde dyrka. Han både lukta og smaka på den og meinte at dette var førsteklasses jord. Slik fekk Vågå namnet, ved at dei våga, og bleso dei hogde, var der Blessomgardane er den dag i dag. I dag veit vi at desse påstandane mildt sagt er fri fantasi, og nettopp derfor ein del av segnlitteraturen. <sup>29</sup>

## Estin-hovden

For lenge sia arbeidde sju menn langt inne i berget som seinare vart kalla Estinhovden for å ta ut kleber. Dei hadde god plass i berget og var der både dag og natt medan dei arbeidde. Ein kveld etter at dei hadde gjort frå seg dagens arbeid og var i ferd med å stelle seg for natta, hørde dei noko rope "ut!" Noko meir hørde dei ikkje med det same, så dei brydde seg ikkje med det. Men ei stund etter kom det same ropet tre gonger til. Ein av karane, som heitte Estin, sprang ut frå berget for å sjå om noko var på ferde. Med det same han var kome ut, rasa berget saman. Ingen av dei andre vart nokon gong funne, og berget fekk etter dette namn etter Estin, den einaste av dei sju som overlevde. <sup>30</sup>

## Kjempesteinane på Ruihø'n

På Ruihø'n står det to store steinar, omtrent like høge som ein mann. Namnet kjempesteinane har dei fått etter eit oppgjær mellom to gutar frå Heidal. Dei hadde sett seg ut den same jenta, ho var budeie på ei seter på Bjølstadskogen rett under Ruihø'n. Ein kveld vart dei to samde om at morgonen etter skulle dei gå på Ruihøe og sjå kven som kunne gjera det beste karstykket. Den som gjorde det, skulle få jenta. Dei reiste kvar sin kjempestein, men dei greidde ikkje å sjå kva for ein av dei som var størst. Difor sette dei i gang å slåst, for på denne måten å avgjera kven som var sterkast. Dei slost heile dagen utan at nokon av



Illustrasjon: Kjempesteinane



dei fekk overtaket. På kvelden ville jenta gå til fjells for å sjå kven av dei to som hadde vunne. Det ho fann, var dei to liggjande ved sida av kvarandre, bleike og livlause.<sup>31</sup>

### **Bessleiken**

To karar låg ein gong i ei av Bess-setrene tidleg på våren. Ein dag dei la seg ned ved låveveggen for å kvile dugurds, fekk dei høyre ein springleik dei aldri hadde høyrte før. Etter kvart såg dei ein liten, gråkledd mann i raud topphuve som sat på ei tuve og spelte fele. Under fjøset kunne dei høyre dansen gjekk, men dei kunne ikkje sjå dei som dansa. Spelemannen spelte leiken fleire gonger før han sokk i jorda. Dei to karane greidde å hugse springleiken, som vart kalla Bessleiken.

Eit søskenpar, Anne og Lars Krukhaugen, fekk høyre den same leiken ein gong dei var i fjellet og gjette dyr. Dei kunne høyre det vart dansa, og dei kunne høyre at det vart spelt med langleik, men dei såg ingenting. Da leiken var over, høyrde dei ein storskratt før det vart heilt stilt. Båe lærde seg springleiken, som var den same leiken som dei to karane på Bess-setrene hadde høyrte. Springleiken er mykje brukt den dag i dag, blant anna som melodi til "Guten va' trøytt" av Edvard Storm.<sup>33</sup>

### **Ofigsbødans**

Omgrepet ofigsbødans har vorte brukt opp gjennom tida når dansen har halde på langt ut i dei småtimmar.

Ein vegfarande mann kom til Ofigsbø ein kveld og spurde om å få liggje over om

natta. Det skulle vera dans på Ofigsbø denne kvelden, og kona på garden ville difor ikkje gje framandkaren husrom. Den framande vart irritert og sa at jammen skulle dei få metta si med dans på Ofigsbø denne natta. I det han gjekk, smetta han noko under dørhella utan at nokon såg det.

Så fort folk hadde trakka over dørahella på Ofigsbø, måtte dei berre danse. Dei greidde ikkje stane og dansa som galne. "Hypp, lat det gå, lat det berre leike" sa dei og kasta seg ut i dansen. Kjerringa på garden tykte dansen vart reint for galen. Ho hadde vore inne heile kvelden og hadde ikkje trakka på dørhella ennå. Ikkje før ho trakka på dørhella, så snudde ho beint om og rett inn att, "hypp, lat det gå, lat det berre leike", ropa ho og fekta med sleiva ho hadde i handa medan ho svinga seg i dansen.

Dansinga vart berre verre og verre. Folk svinga seg og sveitta. Alt gjekk i ein surr sjølv om det ljøsna av dag. Nokon ute på garden sende bod etter lensmannen om at han fekk kome og avslutte dansen. Ikkje før hadde han trakka på dørhella, så svinga han seg inn i dansen og ropte som dei andre. Det same skjedde da nokon fekk fatt på presten.

Til slutt var det nokon som kom på at det hadde vore ein vegfarande mann på garden dagen før, og at han måtte ha sett trolldom på garden. Dei fekk leitt opp mannen og fekk han med seg til Ofigsbø. Dansen og ståket stilna brått da han kom til gards. Etter dette kjem omgrepet ofigsbødans.<sup>34</sup>



## Trolldom

Segner og overtru heng naturleg nok mykje saman – trua om at det blant menneska var fleire som hadde makt dei hadde fått frå styggen sjølv. Trolldomsmakt påverka kvardagen på mange vis. Ut av dette har mange av segnene vi kjenner i dag, vorte til.

### **Trolldomsmakt** <sup>2</sup>

Å kunne trolle var ei evne mange tileigna seg for lenge, lenge sia. Den ein minst vente, kunne vera trollkjerring eller ronkall (trollmann), men dei fleste visste å skjule det godt. Det kunne like gjerne vera konene på dei største og rikaste gardane i bygda, prestefrua, husmannskoner eller teneste-jenter som var trollkjerringar. Ronkallar var det ikkje like mange av, men ein kunne ikkje vera trygg på kven som var det heller.

Dersom ei kvinne ønskte å bli trollkjerring, måtte ho gjera følgjande: Først måtte ho gå til kyrkja ei torsdagsnatt og løyse ei flis frå kyrkjedøra. Så skulle ho ta med flisa til ei bru og sleppe den ned i elva medan ho sa “nå vil eg etter denne dag ikkje koma nærmare gudsriket enn denne flisa kjem

kyrkjedøra.” Etter det måtte ho møte opp i kyrkja ei natt og bli skriven inn i boka til Gamel-Eirik. Etter dette fekk ho lære sine første trollstykke, og ho fekk ein trollkatt. Etter kvart som trollkjerringane lærte seg fleire kunster og vart flinkare, steig dei i rang.

### **I kyrkja jonsoknatta**

Sjølv om trollkjerringane gjorde alt dei kunne for å skjule kunstene sine, var det mogleg for vanlege folk å finne ut av kven som hadde desse evnene.

Jonsoknatta kom alle trollkjerringane til kyrkja for å møte styggen sjølv. Dei kom flygande på solvar eller andre ting som turu, sleiver, grevskaft og møkjareko. Ved midnatt gjekk alle i rad og rekkje inn i kyrkja etter rang, med styggen sjølv først.

Dersom ein ville få med seg dette synet, måtte ein gå inn i kyrkja jonsoknatta og setja seg i ein benk med ei jordtorve opp og ned på hovudet og tre maltkorn mellom tennene. Det var hard kost å sjå kva som gjekk føre seg. Trollkjerringane og styggen sjølv tedde seg ikkje pent, dei dansa ikring fremst i kyrkja, så det var både stygt og usømmeleg å sjå på. Den som drista seg inn i kyrkja med ei jordtorve på hovudet, måtte vera budd på at ein kunne sjå både slektingar, naboar og kjenningar. Ein gut som våga dette, fekk sjå mor si som ei av dei fremste i rekkja etter styggen sjølv.

## Ronkallar

Ronkallar var det ikkje like mange av. Dei hadde oftast ei eiga svartbok, eller dei hadde lært oppskriftene frå andre. Både trollkjerringar og ronkallar hadde sett sjela si i pant til styggen sjølv for å kunne lære trollkunsta. Skilnaden på trollkjerringar og ronkallar var at trollkjerringane oftast trolle for å gagne seg sjølve og for å gjera andre vondt, medan ronkallar ofte brukte lærdomen for å hjelpe andre.

## Kross, eld og vatn

Dei som kunne trolle, fekk ofte trolle til seg ulike ting frå vanlege folk. Men det var fleire måtar å unngå dette på. Var det skore ein kross på ein ting, kunne den ikkje bli teken med trolldom. Det var spesielt viktig å setja kross over stalldøra julenatta. Elles kunne ein risikere at ei trollkjerring kunne låne den beste hesten til å ri til kyrkja julenatta. Stod hesten og sveitta når folk kom til stallen fyrste juledag, kunne dei vera sikre på at den hadde vore ute med ei trollkjerring. Sette dei ut ein gammal solv ved stalldøra, ville trollkjerringa heller ta den og ri til kyrkja på. Kross, eld og vatn var tre symbol som ofte vart brukte til å verne seg mot trolldomen og dei underjordiske.

## Trollkatt

Alle trollkjerringar hadde sin eigen trollkatt. Trollkatten var ingen vanleg katt. Han såg ut som eit stort, grått garnnøste og trilla så raskt av stad at det var nesten umogleg å følgje han med augo. Trollkatten brukte trollkjerringane når dei måtte få tak i noko til trolinga si. Trollkatten skaffa det dei hadde bruk for, uansett kvar det kom frå. Trollkatten var nesten heile tida ute på noko, mellom anna var han mykje i fjøsa rundt om og stal mjølk. For å unngå at det skulle bli trolle bort mjølk, kunne budeie ta eit tak med fingrane i skamfellen før ho tok på jura og byrja å mjølke. På denne måten kunne ikkje trollkjerringane gjera seg nytte av mjølka.

Ofte drakk trollkatten så mykje mjølk at han spydde opp mjølk på tur heim. Spyet såg ut som smør, og vart difor kalla trollkattsmør. Ein kunne sjå trollkatt-smør anten på graset eller på gamle tømmerstokkar eller stubbar. Med trollkattsmør kunne ein greie å mane fram trollkjerringa som åtte katten smøret kom frå. Ein måtte fylle ei nøkkelpipe med smøret, tette pipa med ein jerntopp, legge ho i elden og brenne til ho vart kvitglødande. Da ville det ikkje vara lenge før trollkjerringa måtte kome fram. Alt dette måtte gjerast ein torsdagskveld, og ein måtte verken prate eller smile. Så fort trollkjerringa kom fram, måtte ein få skore ho til blods slik at ho miste makta si. Gjorde ein ikkje det, kunne det gå ille.

## Dragdokke

På somme gardar kunne dei vera så heldige å ha drag-dokke. Her ville dei aldri mangle noko, og det ville vera rikdom på alle måtar. På fleire gardar i Skjåk skal det ha vore slike dragdokka. Mellom anna hjå Guro på Nordgard. Historia fortel at Guro kom frå ein gard i Skjåk som brann ned. På branntomta fann dei eit sølvskrin, som dei undra seg over ikkje hadde vorte øydelagt, det var ikkje eingong varmt. Da dei opna skrinet, fann dei ei dokke med langt, ljost hår som dekte heile kroppen hennar. Dokka slo hendene for ansiktet i det same lokket vart opna. Dei som såg det, skvatt så mykje at dei miste skrinet og fann det ikkje att. Guro var truleg den som åtte skrinet. Da ho seinare vart gift til Nordgard, mangla dei aldri noko. Det var mykje av alt.





Ein vår vart det for lite fôr på garden, men det slapp dei å kjøpe. Det kom farande eit lass så det rauk etter. Det var ingen hest spent framfor. Lasset kom av seg sjølv. Det er fortalt om fleire som har sett slike lass koma susande etter isen på elva eller frå skogen og til gardar der dei nok hadde dragdokka. <sup>3</sup>

### **Finnskot**

Vart menneske eller dyr brått sjuke eller døydde uventa, trudde ein ofte det hadde vorte sett trolldom på dei. Finnskot eller finnkule vart dette kalla. Da trudde dei ei trollkjerling hadde vore på ferde. Nokre få kunne kunsta med å setja trolldomen attende. Dei måtte lesa nokre bøner frå svartboka medan dei rørde rundt med ein kniv i ein kopp med salt og søndagsmale mjøl. Men det var ikkje ofte dei greidde å gjera noko med trolldomen.

### **Lisbet frå Øyjordet**

På Øyjordet i Medalen budde det ein gong ei kone som heitte Lisbet. Ho var trollkjerling og spara ikkje på å sende ut ulykker dersom ho vart sint.

Når folk var på jakt, måtte dei dele halvparten av utbyttet med Lisbet. Og var det nokon som ikkje gjorde som ho ville, sende ho finnskot på dei. To jegerar ville narre henne og reiste av stad så tidleg på morgonen at dei trudde ho ikkje såg dei. Godt på veg sa den eine til den andre: "Oss narra godt ho Lisbet i dag, nå skal ho sleppe å halve med oss". Ikkje lenge etter dukka Lisbet opp og fortalde dei to at sjølv om ho ikkje såg alt, så høyrde ho det meste. Ho lova at nå kom dei ikkje til å få fatt i fleire dyr denne dagen. Og slik vart det. Karane såg både rype og rein. Men uansett kor godt skothald dei hadde, trefte dei ikkje eit einaste dyr.





Ein gong ville ho gje ein mann ei ulykke. Ho ville passe han opp ein stad ho visste han ville koma gåande. Der ville ho gjera det slik at han kom til å bryte foten sin. Men så gjekk det slik til at hennar eigen son kom gåande før mannen kom, og ulykka råka sonen hennar i staden. Sjølv om ho var god til å trolle, greidde ho ikkje å gjera sonen sin frisk att, og han vart halt all sin dag.

Dotter til Lisbet heitte Susanne. Ho arva trollkunstene etter mor si. Ein gong fortalde Lisbet at dersom nokon gjorde opp eld før Lisbet påskemorgonen, kom både Lisbet og Susanne til å miste trollevnene sine. Dette måtte ho lova å ikkje fortelja nokon. Susanne vart gift med Serkve Tussli'n, trass i at mor hans ikkje likte at han gifta seg med ei som kunne trollkunst. Noko godt liv fekk dei visst ikkje. Dei var fattige, Serkve var sjuk og Susanne berre gjekk og rørde. Så vart Susanne med barn og Serkve vart svært bekymra for korleis det ville gå med barnet dersom det fekk slike trolldomskrefter som mor si. Så fekk han lirka ut av kona si det mor hennar hadde bede ho om aldri å seie til nokon. Serkve reiste til onkelen sin, Båtår på Gaupar, og fortalde det han hadde høyrte. Neste påskemorgon var Båtår tidleg oppe, og kasta oske opp gjennom pipa slik at det rauk godt. Frå den dagen var det slutt på trolldomsmakta både hjå Lisbet og Susanne.<sup>4</sup>

### **Ola Skjedsvoll**

Ola Skjedsvoll var skulemeister i Finntryu'n i Vågå. Han var også eigar av svartboka og brukte henne både titt og ofte. Ein gong fall han for ei jente som ein annan mann også ville ha. For å bli kvitt konkurrenten gav han mannen vandringsstaven, det ville seia at han vart gåande omkring i bygda utan å ha ro over seg resten av livet. Ein gong fann han eit kalvehovud som han sette på ein staur og fekk det til å raute.

Ein gong var ein tjuv på ferde på Skjedsvoll for å stela korn. Da han kom ut på låvebrua, vart han ståande heilt fast som nagla til grunnen. Slik vart han ståande til morgonen etter. Da Ola stod opp om morgonen, sa han at han fekk vel gå ned til låvebrua ein tur, han òg. Han trudde det kunne vere keitt for han som stod der. Det var aldri seinare nokon som torde å gå på tjuvferd hjå Ola Skjedsvoll.<sup>5</sup>



## Overtru<sup>35</sup>

Overtru sit fast i mange av oss. Og sjølv om vi ikkje tenkjer over det, er det mange av oss som lèt oss påverke av overtru i kvardagen. Kven har vel ikkje høyrte at å knuse ein spegel betyr sju år med ulykke, eller at ein svart katt som kryssar vegen, betyr ulykke? Mange vil ikkje sitja på sete nr. 13 i eit fly, eller på andre måtar unngår talet 13. Kvar gong vi kjem til ein fredag 13., er media fulle av historier om overtrua kring denne dagen. Mange vil aldri gå under ein stige.

Vi har framleis mange kjerringråd mot både sjukdomar og anna. Ein del av desse råda er baserte på gammal overtru. Moderne medisin inneheld heldigvis ikkje den overtrua ein kan lesa om skal ha vorte brukt i gamle dagar.

### **Gode råd for å frisk**

Ei vekt som hadde gått i arv i tre generasjonar i same slekta, og som hadde vege tre nyfødde gutar, kunne bli brukt mot engelsk sjuke. Hadde eit barn denne sjuka, skulle ein vega det i vekta tre torsdagskveldar på rad. Hadde eit barn byllesjuka, kunne ein leggje det i ei kiste med kopparspiker og som hadde gått i arv i tre generasjonar. Dette måtte også gjerast tre torsdagskveldar på rad. Andre ting som kunne

nyttast mot sjuker eller plager, var gamle sverd, arvesølv eller ting som var funne i gamle gravhaugar.

Hadde ein unge blemmer eller sår på tunga, var eit godt råd å bruke froskesalt. Froskesalt kunne ein laga ved å finne ein levande myrlapp og leggje han i ein boks med salt. Myrlappen skulle liggje her til han døydde. Saltet i boksen skulle ein deretter smørja på tunga til barnet.

Dersom ein fekk vondt i foten, vart det kalla rena. Dette kunne ein kurere ved å leggje foten på ein hoggestabbe og få nokon til å hogge ned i stabben på båe sider av foten og seia "er det rena, som eg mena, skal ho utu' fote' gå og ni stabba stå."

Daudmannsgrep var ei sjuke der ein fekk gule og blå flekker på armane og vondt i hovudet. Det kunne ein kurere ved å spikke ei flis frå ein dørstokk det hadde fare lik over. Så skulle ein setja eld på flisa og gå mot sola rundt den som var sjuk. Når flisa var brent opp, skulle den sjuke bli god att.

Helveteseld kunne ein kurere ved å plukke kvistar av ni slag lauvtre etter at sola var gått ned ein torsdagskveld. Så skulle ein koke lake av kvistane og vaske seg med dette.

*Illustrasjon: Eit sjukt barn kunne kurerast dersom det vart smetta under ei jordtorve samstundes som sola spratt tre torsdagsmorgonar etter kvarandre*

Eit sjukt barn kunne kurerast dersom ein smetta det under ei jordtorve samstundes som sola spratt tre torsdagsmorgonar etter kvarandre. Far til barnet måtte grave laus torva slik at ho likevel hekk fast i begge endar. Så måtte foreldra stille seg på kvar sin ende av torva, mora smette barnet under, medan faren stod på andre sida og tok i mot det.

Å kurere gulsott kunne ein gjera ved å gje den sjuke tre slag mat. Var det ei jente som var sjuk, skulle ho få maten av ei kvinne som hadde fødd ein gut først. Var ein gut sjuk, måtte kvinna som serverte han, ha fødd ei jente først.

Når ein for ved sida av eller over vatn, kunne ein få ein sjukdom som vart kalla drauven. Da fekk ein utslett på kroppen som dei meinte kom av gusten frå elva. For å bli frisk av dette, kunne ein ta rakved ok koke i attrennvatn. Avkoket skulle ein vaske seg i. For å unngå å få drauven, kunne ein så fort ein hadde gått over vatn, halde hendene sine over open varme eller vaske seg i vatn med ei frisk glo i.

### **Drauven**

Ei jente frå Skjåk på berre eit år hadde fått drauven på tur heim frå Amerika saman med foreldra sine. Foreldra hadde vore hjå legar både i Kristiania og andre stader. Dei hadde fått salver av fleire slag, men ikkje noko virka. Jenta hadde utslett og sår over heile kroppen og lei mykje av det. Ei kone som budde i grenda, Ingrid Steinstugun, meinte ho skulle greie å gjera jenta frisk dersom dei let ho prøve. Først samla ho kvistar og rusk i skogen, helst skulle dette koma frå plassar der ingen hadde trakka før. Så skulle ho veta om tre krossveggar der det helst skulle ha fare lik. Så gjekk ho i elvekanten til ho fann ei attrenne å ta vatn frå. Når ho kom attende til garden, var det viktig at ingen tala til ho, og før ho sette i gang, skulle ho få noko å takke for.

Da ho kom til gards, var det tid for non, og på veg inn fekk mannen på garden sjå ho og ropa etter henne. Difor måtte ho vente til alle var av stad etter måltidet og prøve på nytt. Denne gongen var det ingen som tala til ho, og ho fekk ein femkroning av kona på garden som ho takka for. Så sette ho i gang å brenne alt det ho hadde funne i skogen. Da det byrja å ryke, skulle den vesle jenta snuast og vendast i røyken ei



lang stund før ho vart vaska i attrennvatnet. Dei måtte drive på så lenge det var att vatn og ved. Etter dette gjekk det ikkje lenge før jenta var heilt frisk att.

### **Helsebot**

På Mork i Bråtå skal det ha vore ei kjelde med helsebot i. Ein gong Lars Tuva held på å vatne åkeren på Mork, fekk han brått vondt i foten sin og greidde ikkje gjera meir. Så kom han til å tenkje på kjelda, kom seg dit og fekk vaska foten sin i vatnet. Da gjekk det ikkje lenge før foten var god att.


### **Døds-varsel**

Ofte vart det varsla før nokon skulle døy. Somme kjende det på seg sjølve, andre kunne til og med rekne ut sin eigen dødsdag. Av ting og hendingar som kunne spå død, var hakkespettar med svart hovud som sette seg på husa, små ungar som la klede over andletet sitt, at to tok tak i dørklinka frå kvar si side samtidig, eller om eit ekorn kom inn i huset.

Kattugla varsla ofte dauden. På ein gard i Skjåk kom ei kattugle kvar dag og sette seg. Mannen var ute i krigen, og kona på garden likte ikkje kattugla. Ein dag kasta ho ein stein etter ugla. Da ho flaug sin veg, såg kona at det låg att tre dråpar blod der ugla hadde seti. Like etter fekk kona veta at mannen hadde falle i krigen. Det gjekk heller ikkje lenge før to av sønene hennar døydde.

### **Varp**

For å verne seg på farlege vegstrekningar vart det laga varp. Dette kunne vera ein haug med kvist eller stein. La ein på ein kvist eller ein stein som eit offer til dei maktene som rådde i skog og fjell, ville ein vera verna på reisa. Krossar vart også reiste som varp. Her skulle ein knele og be ei bøn om ein trygg tur vidare. <sup>36</sup>



## Fram til vår tid

Overtru og segner høyrer mest til ei svunnen tid. Likevel er det ikkje fritt for at folk kan tru at dei underjordiske framleis held stand. På Prestseter'n i Bøverdalen må det ha vore ein stor koloni med underjordiske, og kanskje er nokon av dei der ennå? Heilt opp til våre dagar er det historier om uforklarlege ting som har hendt her.

### Prestsetre

Det er fortalt om brukaren på Glåmbakka som hadde bestemt seg for å flytte husa på setra lenger ned mot elva. Medan han og arbeidskarane var på setra for å setje opp att fjøset, la han seg ein dag til å kvile på ein stor, grasgrodd stein. Det var ikkje uvanleg at han tok dugurdskvilen sin her. Denne dagen vann han ikkje meir enn å leggje seg før han fekk sjå ein stor gard rett ovafor steinen. Han såg ikkje folk på tunet på garden. Men det rauk frå pipa i ei av stovene, og han gjekk inn. Stova såg ut som på ein storgard, og ved varmen stod

ei kone og ysta. Mannen helsa ho "god dag". Ho helsa att "Tor signe deg" og baud han setja seg. Dei vart sitjande og prate ei lang stund, og bonden fekk veta at dyra til dei underjordiske følgde dyra hans på beite om sommaren. Han fekk smaka både mjølk og ost. Kona fortalde bonden at dersom han hadde plassert fjøset sitt på nord og sør, hadde det vorte leitt både for han og dei. I så fall hadde fjøset vorte i vegen for fjøset til dei underjordiske. Etter ei lang stund måtte bonden gå attende til arbeidskarane sine.<sup>12</sup>

Også mange andre har opplevingar frå Glåmbakka som er vanskelege å forklare. Sigrun Storlien, som eig setra i dag, har sjølv ved fleire høve høyrte fin musikk utan å skjønne kvar tonane kom frå. Første natta etter at Rønnaug Brenna og svoger Erling hadde kome opp på setra med bølingen våren 1947, vart det eit stygt spetakkel i fjøset. Rønnaug var oppe fleire gonger om natta. Kvar gong ho kom bort i fjøset var det heilt roleg. Erling bad Rønnaug om å ikkje bry seg med det. "Det er berre huldre som fløtt oppå høgstulen" sa han.<sup>137</sup>

Randi Brunnes Sørhage og mora Rønnaug var budeie på Glåmbakka i to somrar. Første som-maren, da Randi var 8 år gammel, hadde dei to flytt opp på setra midt-sommars. Kyrne skulle koma etter. Det var svært varmt denne våren, og mange valde å gå med bølingen natterstid. Ved midnatt høyrde Randi og mora rauting, kutrakk, bjøller og lokking nede i vegen og stod opp for å ta imot folket med bølingen. Der var det ingen. Dagen etter tok dei to sykkelene for å sjå om det var komne andre med kyr den natta. Det hadde det ikkje. Det var heller ikkje spor etter kyrne nokon stad. <sup>38</sup>

På Nørdreseter'n hende det ein gong at budeia ikkje fekk opp dørene eller vindau-go da ho kom opp på setra om våren fordi alle hespene var hekta på innvendig. Døra måtte brytast opp, men inne var det ikkje spor etter nokon. <sup>39</sup>

Tore, som vart fødd på Borgaseter'n, har overnatta der einsleg heilt sidan han var tretten år. Både han og mange andre har ofte høyrst steg opp trappa natterstid. Dette har vorte så vanleg at dei ikkje reagerer på det. Ein krok på ei dør i andre etasjen blir opna gong på gong. Når setringane set på att kroken, kjem han av att like fort. Om morgonen er kroken alltid på plass att. Tore, som korkje er overtruisk eller mørkredd, har opplevd skrangling i skåp og at ting har vorte knuste på heilt uforklarleg vis. <sup>40</sup>

### **Kleppe**

Dag Lindvik eig Kleppe, ein gammel gard med mykje historie og med mange segner knytt til staden. For han er segner og overtru eit viktig bidrag til å forstå kulturarven og historia på garden. Dette tykkjer han også det er viktig å formidle vidare til gjes-tar som kjem til gards. Han seier at det er naturleg for han å gjera seg ein del reflek-sjonar når han høyrer gamle historier frå garden. Han tenkjer på korleis dei hadde det, og kva tid dei var ein del av. Likevel ser han på segner frå garden meir som ei form for eventyr med alt det inneber. Han har eit distansert forhold til dei underjor-diske, sjølv om han som alle andre som bur i gamle hus av og til kan oppleve uforklar-lege ting.

### **Moderne segn og overtru**

Segner og overtru eksisterer også i vårt moderne samfunn. Alle har vel høyrst histori-er om ufoar, romvesen og liknande. Kanskje heng desse forteljingane saman med segner frå gamle dagar. Kanskje har dei oppstått som ei forklaring på fenomen vi ikkje greier å forklare. Vi kan seia at rom-vesen er nåtidas underjordiske. I riktig gamle dagar hadde dei ikkje store kunn-skapar om kva som fanst djupt under jorda. I dag er vi stadig på leit etter ny kunnskap om liv i verdsrommet.

Mange gamle segner frå Ottadalen gjev forklaringar til fenomen som dei før ikkje greidde å forklare på anna vis. Vi som lever i dag, kan sjå at det finst ei heilt naturleg forklaring på det meste.

Likevel må vi ikkje gløyme å ta vare på den farge-rike kulturarven vi har gjennom seg-ner og overtru. Hugs: Det er meir mellom himmel og jord enn nokon annan stad...



- \*2 Frå gãmålt, Ivar Kleiven.
- \* 3 Årbok for Dølaringen 1936,  
Erik Rudsar.  
Etter gamalt III,  
Edvard Grimstad.
- \* 4 Etter gamalt III, Edvard Grimstad.
- \* 5 Etter gamalt III, Edvard Grimstad.
- \* 6 Lurtonø frå fjelle, O.Løkre.  
I gamle daagaa, Ivar Kleiven.
- \* 7 Etter gãmålt II, Edvard Grimstad.
- \* 8 I gamle daagaa, Ivar Kleiven.
- \* 9 Lom og Skjåk, Ivar Kleiven.
- \* 10 Lom og Skjåk, Ivar Kleiven.
- \* 11 Lom og Skjåk, Ivar Kleiven.
- \* 12 Etter gãmålt II, Edvard Grimstad.
- \* 13 Etter gãmålt II, Edvard Grimstad.
- \* 14 Etter gãmålt II, Edvard Grimstad.
- \* 15 Etter gãmålt II, Edvard Grimstad.
- \* 16 Lom og Skjaak, Ivar Kleiven.
- \* 17 Etter gãmålt II, Edvard Grimstad.  
Lom og Skjaak, Ivar Kleiven.
- \* 18 Etter gãmålt II, Edvard Grimstad.  
Lom og Skjaak, Ivar Kleiven.
- \* 19 I gamle daagaa, Ivar Kleiven.
- \* 20 Lom og Skjaak, Ivar Kleiven.
- \* 21 I gamle daagaa, Ivar Kleiven.
- \* 22 I gamle daagaa, Ivar Kleiven.
- \* 23 I gamle daagaa, Ivar Kleiven.
- \* 24 Lom og Skjaak, Ivar Kleiven.
- \* 25 Etter gamalt, ivar Kleiven.
- \* 26 Etter gamalt, Edvard Grimstad.
- \* 27 Lom og Skjaak, Ivar Kleiven.
- \* 28 Lurtonø frå fjelle, O. Løkre.
- \* 29 I gamle daagaa, Ivar Kleiven.
- \* 30 Etter gamalt III, Edvard Grimstad.
- \* 31 I gamle daagaa, Ivar Kleiven.
- \* 32 Etter gamalt III, Edvard Grimstad.
- \* 33 Årbok for Gudbrandsdalen 1932,  
Eiliv Brenna.  
I gamle daagaa, Ivar Kleiven.
- \* 34 Etter gamalt III,  
Edvard Grimstad.  
Årbok for Dølaringen 1932,  
Eiliv Brenna.
- \* 35 Etter gamalt III, Edvard Grimstad.
- \* 36 Mystiske steder i Norge,  
Ørnulf Hodne.  
Etter gamalt II, Edvard Grimstad.
- \* 37 Fortalt av Sigrun Storlien.
- \* 38 Randi Brunnes Sørhage.
- \* 39 Kleiven: Gãmålt frå Lom.  
Sigrun Storlien.
- \* 40 Fortalt av Tore Frøyse.